




SAMARBEIDSAVTALE



Avtale om felles brann- og redningsvesen, beredskap og feiing for kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen.

1. Vertskommunesamarbeid:

Felles brannvesen, beredskap og feiing for Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen er oppretta som vertskommunesamarbeid utan nemnd, og etter Kommunelova § 28b. Avtalen inkluderer også feiarteneste for alle kommunane i samarbeidet. Meland, Radøy, Austrheim og Modalen er deltakarkommune. Lindås er vertskommune. Frå 01.01.2020 vert Alver kommune vertskommune.

Innplassering og organisering av brannvernet ligg til vertskommunen. Samarbeidskommunane skal orienterast ved endringar.

Namnet på samarbeidet blir «Nordhordland brann og redning» (NHBR).

Kommune	Folketall pr 31.12.2017
Austrheim	2884
Lindås	15751
Meland	8021
Modalen	383
Radøy	5128
Totalt:	32167

2. Fordelingmodell:

Fordeling utgifter 2019:

Kommune	Fast fordeling	Fordeling etter folketall
Austrheim	12%	2884
Meland		8021
Radøy		5128
Modalen		383
Lindås		15751
Sum folketall		32167

Fordeling utgifter etter 2020:

Kommune	Fast fordeling	Fordeling etter folketall
Austrheim	12%	2884
Modalen		383
Alver		28900
Sum folketall		32167

3. Føremålet med samarbeidet:

Føremålet med samarbeidet om felles brann- og feiarvesen, er å sikre ein best mogeleg beredskap innanfor brann, redning og akutt forureining. Dette vil også bidra til å sikre best mogeleg teneste innanfor feiing og bustadtilsyn, og det førebyggjande arbeidet. I tillegg skal

dette sikre at alle kommunar i samarbeidet leverer like tenester iht. lov og forskrift. Alt dette skal skje innanfor dei ressursane som samarbeidet rår over.

4. Oppgåver og ansvarsmynde:

NHBR skal gjennomføre alle oppgåvene som kommunane er pålagt etter «*Brann- og eksplosjonsvernlova*», med tilhøyrande føresegner og rettleiarar, slik som det går fram av felles brannordning.

Brannsjefen rapporterer til rådmannen i Lindås kommune (Alver Kommune). Kommunestyret i kvar av dei deltakande kommunane, delegerer dei fullmakter som er tillatne delegert, etter aktuelt lovverk, til Brannsjefen.

5. Organisering, dimensjonering og lokalisering:

Brannvesenet og NGIB er organisert som eiga eining i Lindås kommune. Organisasjonen sin administrasjon er lokalisert på hovudbrannstasjonen, pr.dd lokalisert i Alversund (Stølen 7) .

Brannsjefen har ansvar for budsjett og dagleg leiing av organisasjonen. Lindås kommune har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Brannsjefen har det overordna ansvaret for alle tilsette. Avdelingane er organisert med avdelingsleiarar som har det nærmaste personal-, økonomi- og fagansvar innanfor sine rammer.

NHBR skal til ei kvar tid ha stillingsheimlar, og organiserast i samsvar med lov, forskrift og lokal risiko. Behovet skal skildrast i lokal brannordning. Brannordninga skal reviderast minimum kvart 4 år.

NHBR skal til ein kvar tid ha bilar, utstyr og kompetanse som svarar til den risiko og dei oppgåver brannsamarbeidet til ein kvar tid skal kunne handtera. Det det er naturleg å inngå samarbeid om utstyr og kompetanse skal dette gjerast gjennom skriftlege avtalar.

Felles feiarteneste for alle kommunane skal organiserast under NHBR. Tenesta skal drivast etter krav skildra i førebyggjande forskrift av 2016.

6. Økonomiske tilhøve:

Brannsjefen skal utarbeide budsjett, og har ansvar for at vedtekne budsjett vert gjennomførte. Grunnlaget for budsjettet er alle utgifter og inntekter som må til for at brannordninga skal gjennomførast. I tillegg skal husleiger, kostnader med støttefunksjonar til administrativ drift, samt alle andre driftskostnader relatert til ansvarsområdet, takast med.

Alle investeringskostnader skal finansierast av vertskommunen (unntak for brannstasjonar).

Feiarvesenet skal dekkje sine kostnader med gebyr, Jfr Lov om brannvern § 28. Gebyra skal reknast etter sjølvkost for feiarvesenet. Gebyra skal fordelast likt på kvar godkjend skorstein i kommunane. Gebyret vert såleis like store i kommunane.

Rekneskapet for samarbeidet skal førast særskild med eige ansvar etter kommunerekneskapet.

Ved overskot/underskot i samarbeidet, skal dette tilbakebetalast/fakturerast den enkelte kommunen etter vedteke fordelingsnøkkel.

7. Særskilt:

- Alle gjeldande lokale avtalar blir sagt opp med verknad frå 01.01.19. Nye avtalar blir forhandla fram av vertskommunen (her Lindås/Alver kommune) og er gjeldande for heile brannsamrådet.
- Mannskapet i Modalen har høgare sats for personsøkjartillegget enn mannska i LMMBR. Denne differansen vert dekkja av Modalen kommune som ekstra løyving til vertskommunen. Avtalen gjeld så lenge det er differanse mellom mannska. Målet er å synkronisere satsane over tid. Tillegget blir i ny avtale kalla rekrutteringstillegg og blir ikkje knytt opp til personsøkjartillegget som skal vera likt for alle i NHBR.
- Der det er pålagt skal kommune kostar utbetring av stasjonane og inngå leigeavtale med vertskommunen om stasjonane.
- Kommunane må sjølv betale kostnader for å oppretthalde drifta av branngarasje/depot (td på Øvre Helland), men bruk av anlegg/utstyr vil inngå i samarbeidet.
- Bilar og utstyr som kommunane eig, skal vere disponibelt for samarbeidet. Drift/vedlikehald vert ivareteke av samarbeidet. Kommunane står framleis som eigarar av bilane (som var med inn ved avtaleinngåing), og dei vert difor ikkje omregistrert. Ved eventuell retrett (oppseiing) frå avtalen, vil bilane og utstyret som var med inn i samarbeidet tilbakeførast til eigar (kommunen). Ved seinare trong til utskifting av bilar, vil dette verte gjort gjennom samarbeidet. Bilane og utstyret vil da tilhøyra/eigast av samarbeidet og verdiar vil ikkje bli fordelt ved retrett.
- Det vert stilt minimumskrav til utstyr/bilar ved innmelding i samarbeidet. Ved større avvik må denne kostnaden takast av kommunen sjølv. Dette vil bli avklart på rådmannsnivå.
- Inkludert i avtalen er kostnader til TETRA, 110 og IUA.
- Kostnader til Sivilforsvaret sitt lager vert halde utanfor (Bergen kommune).
- Krav til dokumentasjon, kvalitet og metode er likt for alle kommunane i samarbeidet.
- Brannsjefen i vertskommunen er fagleg ansvarleg også for innleidde tenester.

8. Informasjonsmåte:

Rådmannen i vertskommunen informerer rådmann i Meland, Radøy, Austrheim og Modalen om naudsynte saker. Dette kan skje i rådmannsmøta eller på anna måte. Brannsjefen kan også orientere rådmannen i den enkelte kommune direkte. Brannsjefen har rett og plikt til å møte for kommunestyrene i samarbeidet der det er naudsynt.

9. Opptak av nye deltakarkommunar i samarbeidet:

Etter søknad kan andre kommunar søke om deltaking i dette samarbeidet. Deltaking må skje etter drøftingar mellom kommunane, og ny felles brannordning må utarbeidast/justerast. All førespurnad om deltaking i brannsamrådet skal rettast til rådmannen i vertskommunen.

10. Sal av tenester:

Organisasjonen skal ha høve til å selje tenester innanfor sitt område. Inntekt av tenestene skal først i rekneskapet for organisasjonen. Sal av tenester må ikkje kome i strid med ”Lov om off. anskaffing”. Prising av tenestene skal skje etter vanlege, forretningsmessige prinsipp. Betaling av tenester må ikkje vere i strid med gjeldande regelverk vedk. lovpålagde tilsyn m.m.

11. Avvikling av samarbeidet:

Avtalen gjeld frå 01.01.2019 og gjeld til den blir oppsagd. Kvar av dei deltakande kommunane kan seia opp avtalen med 2 års varsel. Deltakarkommunen vil då gå ut av samarbeidet 1.januar, etter at oppseiingstida er over.

Ved mogleg opphøyr av avtalen (avvikling av NHBR) skal verdiane i organisasjonen fordelast i samsvar med fordelingsnøkkelen. Verdien vert sett etter nøytral takst.

12. Tvisteløysing:

Dersom det oppstår usemje om korleis avtala og samarbeidet vert å forstå, skal ein søkje å finne løysningar ved tingingar. Når ein ikkje fram med tingingar, skal det oppnamnas ei nemnd der kvar kommune har sin representant, og ein felles nøytral domsmann t.d. lensmann til å freiste finne ei løysing ved valdrift.

13. Anna:

Frå 01.01.2020 gjeld avtalen mellom Alver kommune (vertskommune), Austrheim kommune og Modalen kommune.

Denne avtala er godkjend med kommunestyrevedtak i kvar kommune.

Lindås den.....

.....
Rådmann i Lindås

.....
Rådmann i Meland

.....
Rådmann i Modalen

.....
Rådmann i Austrheim

.....
Rådmann i Radøy